
Fra: Postmottak Lindås
Sendt: 23. juni 2015 12:06
Til: Postmottak Lindås
Emne: Offentleg ettesyn av framlegg til kommunedelplan for Lindåsosane
Vedlegg: Lindås kommune.pdf

Fra: Namtvedt Dag [<mailto:Dag.Namtvedt@sd.dep.no>]
Sendt: 23. juni 2015 11:36
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Namtvedt, Leidulv Atle
Emne: Offentleg ettesyn av framlegg til kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden (2011 - 2013). Merknader til ettersynet

Vi viser til nemnte kommunedelplan, plan-id 1263-200810, som ligg ute til offentlig ettersyn. Vi er eigarar av gnr. 123, bnr. 6 og 7 Risa.

Vi er glade for at det i føresegnene til planforslaget, punkt 4.34#5 vert gjort framlegg om at det skal kunna setjast opp eitt naust på kvar av eigedommane gnr. 123, bnr. 7, 6 og 3 på Risa (sør/søraust for kaien).

Vi er kjent med at det ikkje vert opna for innspel om ny arealbruk i ettersynet. Ut frå plankart synest det likevel vanskeleg å gjennomføra formålet med planen på dette punktet (oppsetjing av naust sør/søraust for kaien på Risa) utan å sjå nærare på arealbruken av kai m.m. Av plankartet (vedlagt) går det fram at kaien og storparten av 123/7 er sett av til vegformål (offentleg veg, kai, parkering). Kaien er privat, og vi har vanskeleg for å sjå den allmenne interessa i å leggja kaiareal og delar av 123/7 ut for offentlig vegformål. Bruk av kaiområdet i dag tyder ikkje på at det er noko slikt behov. Vi bed derfor om at bandlegging av kaiareal og delar av gnr. 123, bnr. 7 m.m. vert vurdert på nytt, slik at det let seg gjera å byggja naust på dei aktuelle tomtene. Dette kan gjerast ved å ta bort heile bandlegging av kaiområdet, merka i grått på plankartet. Subsidiært bed vi om at grensene for bindingar av kaiområdet mot sør/søraust vert flytta slik at det ikkje lenger kjem i konflikt med planformålet om å opna for bygging av tre naust på tomtene sør/søraust for kaien. Ut frå plankart som ligg føre, er det i det minste uråd å byggja naust på gnr. 123, bnr. 7.

Merknaden er skriven på vegner av eigar av gnr. 123, bnr. 6 Harald Risa og gnr. 123, bnr. 7 Leidulv og Dag Namtvedt.

Oslo, 23. juni 2015

Helsing
Dag Namtvedt